

Kongeparet på folkefest i Bø mandag 30. september frå kl. 12.00

Mandag 30. september kl. 12.00 kjem DD.MM. Kong Harald og Dronning Sonja på offisielt besøk til Bø kommune. Dei startar dagen med feiring av Gullbring kulturanlegg sitt 25-årsjubileum i amfiet ute framfor Gullbring. Her vil dei bli møtt m.a. av ordføraren, Bø skulemusikk og eit kjempestort barnehagekor, før dei får eit supert kulturprogram frå scena i amfiet og ein liten tur med rickshaw-syklar. Vi håpar at mange møter fram for å helse dei kongelege gjestene velkomen til Bø og Midt-Telemark!

- Kl. 12.00 Folkefest i Gullbring amfi med kulturprogram - og frå klokka 13.20 gratis bløtkake, kaffe, is og saft
Kongeparet deltar på kulturprogrammet og besøker aktiivtetar inne i Gullbring. Ingebjørg Bø og Audun Rørmark skal vere konferansierar og dei vil presentere både dikt og dans, spel og song, halling og break – og ein heilt ny ordførar!
- Kl. 13.10 HM Kong Harald legg ned grunnsteinen for dei nye studentbustadane på campus
Bø kommune er vertskap for lunsj på Bø hotell
- Kl. 15.00 DD. MM. Kong Harald og Dronning Sonja besøker bunadsbedriften Almankås som siste post på programmet

Praktiske opplysningar til publikum

1. **Transport:** Vi føreslår at dei som kjem med bil parkerer lenger unna og dei som kjem med buss går av ved Bø torg/i sentrum og går gjennom Evjudalen bort til Gullbring. Der vil ein bli vist inn i amfiet av vaktene våre.
2. **I amfiet:** Om det er tørt, er det fint å ta med sitteplate og sitte på graset, i tilfelle regn, må ein satse på å stå og sjølv sørge for gode klede. Benkar framme vil i første rekkje vere reservert for eldre og barnehagekoret.
3. **Gratis is, saft til alle barn og kaffe/bursdagskake** til alle vaksne etter at programmet er ferdig og Gullbring opnar dørene for publikum.
4. **Toalett:** Vi har opne publikumstoalett i garderobane i idrettshallen – med inngang direkte frå amfiet på langsida mot Fjernvarmeanlegget (ikkje via Framstugo).
5. **Tilrettelegging for dei med spesielle behov:** Nedre parkering utanfor Gullbring vil vere reservert for dei som har spesielle behov – og vakter vil vise veg for dei som kjem med rullestol, rullator eller treng hjelp på andre måtar.
6. **NB Gullbringvegen vil kunne bli stengt i kortare periodar om føremiddagen og mellom kl. 13.00 og 13.30. Dei ordinære parkeringsplassane ved Gullbring vil ikkje vere opne for alle før kl. 13.30.**

Vel møtt til eit flott møte med Kongen og Dronninga!